



Notat

Dato: 21.06.2016
Arkivsak: 2016/4580-3
Saksbehandlar: johmeye

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om handsaming av overtalssituasjonen ved dei vidaregåande skolane

Protokollutdrag frå fylkesutvalsmøtet 19. mai :

«I samband med RS 90/16 «Handsaming av overtalssaker våren 2016» bad **Aud Karin Oen (SV)** om at fylkesutvalet får ytterlegare informasjon om korleis fylkeskommunen handterer dei som er overtalige. Fylkesrådmannen stadfesta at slik orientering vil verte gjeve på eit seinare tidspunkt.»

HR-seksjonen har saman med fylkesdirektør opplæring og rektorane sokt å finne nye stillingar for dei tilsette som er meldt overtalig ved eigen skole. I år har ein arbeidd med dette i to runder med innmelding av overtalige: først 45 tilsette ved Fana gymnas, deretter i slutten av april månad da elevprognosane for neste skoleår var klåre. Dei fleste overtalige er meldt inn frå skolar i Bergensområdet.

Det har vore rimeleg lett å omplassere alle lærarar med fellesfagleg fagbakgrunn, enklast er det når lærarane har formalkompetanse i tre undervisningsfag. Utfordringa i år har vore å møte nedgangen i trøngen for lærarar med undervisningskompetanse innan utdanningsprogramma medier og kommunikasjon (MK) og kunst, design og arkitektur (KDA) samt teknikk og industriell produksjon (TIP). Det er og ein markert nedgang i trøngen for miljøarbeidrarar.

Med dette omfanget av overtal har Hordaland fylkeskommune i brev datert 24 mai varsle NAV Hordaland om mogeleg «masseoppseiing» i samsvar med arbeidsmiljølova §15-2.

Situasjonen pr 21. juni er følgjande:

- Alle 45 tilsette ved Fana gymnas er omplassert til andre skolar i fylkeskommunen.
- 82 saker er løyst, dei fleste ved omplassering til andre skolar og nokre få ved permisjon.
- HR-direktøren har sendt ut førehandsvarsle om oppseiing i heile eller delar av stillinga til 26 tilsette (desse utgjer omlag 20 årsverk). Ein har følgd reglane for handtering av overtal der fylkeskommunen vert sett under eitt for å finne fram til dei med lågast ansiennitet der dette kriteriet gjeld for å definere overtal. I nokre tilfelle vert fagkompetanse eller sosiale tilhøve nytta som kriterium. Der ansiennitet har vore gjeldande har dei fleste kort ansiennitet i fylkeskommunen. Spennet er frå 3 månader til i overkant av ti år. Dei hovudtillitsvalde har vore kontinuerleg orientert om prosessen her.

- Det er framleis ein uavklåra situasjon for 9 miljøfagarbeidarar, 6 lærarar og 2 IKT-konsulentar. Talet på dei som mottar førehandsvarsle kan med dette stige til omlag 40.
- Dei som mottar førehandsvarslelet får i brevet orientering om tilbod om møte med HR-direktøren for orientering om stoda rundt deira situasjon. Dei får og i møte orientering om NAV si rolle etter ei oppseiing og om føreretten til ny stilling i fylkeskommunen i inntil eitt år etter at ei oppseiing er effektiv. For alle dei aktuelle i denne situasjonen gjeld ei oppseiingstid på tre månader, jf hovudtariffavtalen. Denne retten er betre enn den som går fram av arbeidsmiljølova.